



Ing Taule AS
Radøyvegen 1400
5936 MANGER

Referansar:
Dykkar:
Vår: 21/993 - 22/10525

Saksbehandlar:
Larissa Dahl
larissa.dahl@alver.kommune.no

Dato:
04.02.2022

Ferdigattest - gbnr 214/97 garasje og mur Fyllingsnes

Administrativt vedtak: Saknr: 139/22
Tiltakshavar: Kenneth Tredal
Ansvarleg søkjar: Ing Taule AS
Søknadstype: Søknad om ferdigattest

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10 vert det gjeve ferdigattest for garasje og mur på gbnr 214/97.

Bygningen eller delar av den må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka 21/993 datert 18.05.2021. For tiltak med krav til uavhengig kontroll ligg det føre dokumentasjon for utført sluttkontroll.

Det vert elles vist til søknad motteken 26.01.22.

Skildring

Adresse:	Litlebrotet 31 5913 Eikangervåg
Bygningstiltak:	Garasje med mur
Bygningsnummer:	300879201
Bruksareal:	58,5 m2
Avlaup:	
Vatn:	
Tal på røykløp:	

Regeleverk

- Krav om sluttkontroll og ferdigattest følger av plan- og bygningslova (pbl) § 21-10.
- Viss du skal endre bruken av bygningen krev dette søknad, jf. pbl § 20-1 bokstav d).

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 21/993

Med vennleg helsing
Alver kommune

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Larissa Dahl
Rådgevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Kenneth Tredal

Litlevågsbrotet 5913
31

EIKANGERVÅG

Mottakarar:

Ing Taule AS

Radøyvegen 5936
1400

MANGER